



Saksmappe: 2021/651  
Sakshandsamar: ISL  
Dato: 18.01.2022

## SAKSFRAMLEGG

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
14/22	Plan, miljø- og ressursutvalet	01.02.2022

### Varsel om oppstart av planarbeid, RV9 Neset, kurveutbetring

Plan, miljø- og ressursutvalet si handsaming av sak 14/2022 i møte den 01.02.2022:

#### Handsaming:

Kommunedirektøren si innstilling blei samrøystes vedteken

#### Vedtak:

- Bygland kommune er positive til framlagde oppstart av planarbeid for kurveutbetring langs Rv 9 Neset.
- For å førebu eit ønska framtidsbiletet endå meir tråd med kommuneplanen sin samfunnsdel, så hadde det vært ønskeleg at planområdet blir utvida med tanke på å leggje tilhøva til rette for framtidig bygging av Gang – og sykkelveg mellom Grendi og Byglandsfjord.

Ein ber Statens Vegvesen vurdere moglegheitene for å utvide planområdet til å gjelde strekninga fram til 2 odde nord for Revsnes og eventuelt til Grendi.

#### Kommunedirektøren si innstilling:

- Bygland kommune er positive til framlagde oppstart av planarbeid for kurveutbetring langs Rv 9 Neset.
- For å førebu eit ønska framtidsbiletet endå meir tråd med kommuneplanen sin samfunnsdel, så hadde det vært ønskeleg at planområdet blir utvida med tanke på å leggje tilhøva til rette for framtidig bygging av Gang – og sykkelveg mellom Grendi og Byglandsfjord.

Ein ber Statens Vegvesen vurdere moglegheitene for å utvide planområdet til å gjelde strekninga fram til 2 odde nord for Revsnes og eventuelt til Grendi.

#### SAKSUTGREIING

## Bakgrunn for saka

Statens vegvesen har meldt oppstart av planarbeid på ein del av RV9 vegstrekket som går frå Neset camping og sørover, ca. 1 km. Føremålet med planen er trafikktryggleik. Statens vegvesen ynskjer å utbetre veggeometrien og siktkrav, slik at dei vil tilfredsstillast dei krav som er til ein riksvegstandard.

Frist for å komme med merknader er i varselet sett til 20.01.2022, men kommunen har fått utsett merknadsfrist til 01.02.2022 pga. møtedato til planutvalet.

## Formelt grunnlag

- Plan- og bygningslova §§ 12-8 og 3-7

## Vurderingar og konsekvensar

I kommuneplanen sin arealdel er ikkje veggrunnen til RV9 regulert med offentleg vegføremål, det er bare senter vegline som er markert i plankartet. Utføring av større tiltak utanføre veggrunn og i LNF-område bør difor avklarast gjennom eit reguleringsplanarbeid.

Reguleringsplanen som nå vert varsla oppstart på, vil verte utarbeida etter § 3-7 i Plan- og bygningslova; *Overføring av planforberedelse til statlig og regional mynde*. Det betyr at det er Statens vegvesen som har med å organisere og utarbeide eit planforslag som vert sendt ut på høyring og offentleg ettersyn.

I førekant av planoppstart skal det vere halden førehandskonferanse/oppstartsmøte mellom tiltakshavar og Bygland kommune som planmynde der tiltak, tema ol vert diskutert.

Førehandskonferansen/oppstartsmøte mellom Statens vegvesen og sakshandsamarar i kommuneadministrasjonen vart halden via teams 14.12.2021. På dette møte vart det foreløpig konkludert med at tiltenkt tiltak ikkje vil gi vesentleg verknad for miljø eller samfunn, og at planarbeidet ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing i høve Plan- og bygningslova § 12-9. Men Statens vegvesen vil utarbeide fagtema med omsyn til påverknad av naturkvalitetar som vatn og geologi (skred og ras).

Vidare vart Statens vegvesen informert om Botnfjell naturreservat som er under verneprosess, det pågåande arbeidet i kommunen med sti - og løypeplan samt ynskje om tilrettelegging av g/s veg. Statens vegvesen kunne formidle at grusveg/sti som er etablert vil verte vidareført.

Det er positivt at SVV set i gang planarbeid for å betre trafikktryggleiken for biltrafikanter langs Rv 9, og ved å ivareta dagens tilrettelegging med grussti på utsida av autovern vil ikkje tiltaket redusere dagens trafikktryggleik for dei mjuke trafikantane.

Strekninga mellom Byglandsfjord og Neset Camping har mykje ferdsel med gåande og syklende, særleg sommarstid. Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020 – 2032 som omhandlar «Framtidsbiletet» angåande transport, kommunikasjon og samfunnstryggleik gjev m a: [link](#)

*Nye fleksible kollektivløysingar har bidrege til å dempe veksten i personbiltrafikken. Gang – og sykkelvegnett er godt utbygd og det er enkelt å gå å sykle til arbeid, barnehage, skule – og handels – og servicetilbod. Auka fysisk kvardagsaktivitet har bidrege til betre folkehelse.*

Måla mot 2032 og vegen til måla er lista opp på side 23 i samfunnsdelen.

[KP+samfunnsdel+2020\\_2032 \(3\).pdf](#)

For å førebu framtidsbiletet i endå større grad, så hadde planarbeidet blitt endå meir fordelaktig dersom planområdet for reguleringa samtidig hadde teke inn over seg arealet langs heile RV 9 mellom Grendi og Byglandsfjord m o p G/S - veg. Dette med tanke på å få til ein fullverdig gang – og sykkelveg i framtida. Dette vil vere i tråd med overordna føringar i kommuneplanen sin samfunnsdel om trafikktryggleik, miljøvenlege transportformer og attraktivitet som bustad og turistdestinasjon.

Bygland kommune er i ein førebuande fase med å melde oppstart for revidering av reguleringsplan for Byglandsfjord. Skisserte planområde vil gå til andre odden nord for Revsnes. Strekninga mellom desse to planområda vil då, målt på kart, vere omkring 1 km.

Bygland, **18.01.2022**

Kommunedirektør

**Vedlegg:**

- 1 Varsel om oppstart av planarbeid, kurveutbetring Rv. 9 Neset
- 2 Planavgrensning Neset
- 3 Referat oppstartsmøte 20211214

**Melding om vedtak blir sendt til:**

Statens Vegvesen, Postboks 1010 Nordre Ål, 2605 Lillehammer